



Arkiv: FE-033, FE-000
JournalpostID: 25/18805
Saksbehandlar: Arild Vonheim
Dato: 07.05.2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/058	Stad ungdomsråd	10.06.2025
25/098	Stad formannskap	12.06.2025
25/121	Stad kommunestyre	19.06.2025

Harpefossen Skisenter søknad om tilskot

Bakgrunn for saka:

Stad kommunestyre vedtok i møte 23. januar 2025, sak KS 25/009, å starte opp Program for berekraftig økonomi 2025 -2028. Arbeidet i programmet skal bidra til at Stad kommunestyre når denne målsettinga om ein økonomiplan i balanse.

Arbeidet med Program for berekraftig økonomi 2025 – 2028 gjennom fire hovudprosjekt, der eit av hovudprosjekta er knytt til sentraladministrasjonen. Inn under dette hovudprosjektet er det starta opp eit delprosjekt, der eit utval av tilskot til lag og organisasjonar no vert vurderte med sikte på å finne innsparingar for kommunen. Eit av tilskota som kommunestyret skal vurdere å vidareføre, redusere eller avvikle er det årlege tilskotet til Harpefossen skisenter AS på kr 400 000. Stad kommunestyre har fram til og med 2025 gjort vedtak om å støtte Harpefossen Skisenter AS med eit årleg tilskot på kr 400 000.

Tilskotet til Harpefossen skisenter AS står ikkje «på eigne bein». Konsekvensen av å redusere eller avslutte tilskotet må vurderast på bakgrunn av historikken i saka, og i lys av den økonomiske situasjonen som Harpefossen skisenter no står i. Og ikkje minst konsekvensen for kommunen ved å ikkje gje tilskot, sett opp i mot kommunen sine tidlegare gjevne garantiar for låneopptak og spelemidlar. Av den grunn vert saka om tilskot for Harpefossen skisenter AS lagt fram i ei eiga sak.

Stad kommune har mottatt søknad om økonomisk støtte på kr 800 000 til Harpefossen skisenter AS (HFS) den 22. mai 2025. Bakgrunn for søknaden er manglande inntekter på om lag 3 millionar som følge av ein historisk dårleg sesong. HFS har starta ein «redningsaksjon» for å få inn nok likviditet til å kunne starte opp igjen for sesongen 25/26. Hittil har HFS fått inn kr. 1,3 millionar frå lokalt næringsliv, kr. 263.750,- frå hytteeigarane i Harpefossen Hyttegrend AS og kr. 157.400,- igjennom innsamlingsplattforma Spleis.

Det er opplyst at midlane som HFS har fått inn per 23. mai 2025 er gjeve med atterhald om at HFS klarer å få likviditetsbudsjett i balanse og sikre oppstart av sesongen 25/26. Om HFS ikkje klarer å få likviditetsbudsjettet sitt i balanse står selskapet i stor fare for å gå konkurs.

Går Harpefossen konkurs vil dette ha verknad og konsekvens for fleire aktørar, inkludert Stad

kommune. Dette er kjent for kommunestyret. Stad kommune har stilt kommunal garanti for spelemidlane til skisenteret, og ein eventuell konkurs kan medføre eit krav om tilbakebetaling av spelemidlar på om lag kr. 8,8 mill. Kommunedirektøren er i dialog med både Vestland fylkeskommunen og Kultur- og likestillingsdepartementet om dette tilbakebetalingskravet, med mål om å få endeleg avklaring om avskrivningstid og storleiken på eit eventuelt tilbakebetalingskrav. Kommunedirektøren viser elles til saksutgreiinga under.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyre gir avslag på søknad frå Harpefossen skisenter AS om økonomisk støtte på kr. 800.000. Stad kommunestyre må haldast informert om den økonomiske utviklinga til skisenteret, slik at ein kan gjere fortløpande og nye vurderingar for å ta i vare kommunen si rolle som garantist, kreditor og vertskommune.
2. Stad kommunestyre oppmodar Harpefossen skisenter AS til å søke om delutbetaling på inntil 75% av løyvde spelemidlar for 2025.
3. Stad kommunestyre tek stilling til vidareføring av tilskotet til Harpefossen skisenter AS med kr 400 000,- i samband med budsjett 2026 og Hovudprosjekt sentraladministrasjonen, med delprosjekt om gjennomgang av tilskot, samarbeidsavtalar m.m.
4. Stad kommunestyre tek informasjonen om kommunal garanti for spelemidlar til vitande.

Vedlegg i saka:

08.05.2025	HFS - godkjenning frå fylkesmann på garanti til Kulturdep.pdf	1762847
08.05.2025	Eid kommune - godkjenning av garanti til Harpefossen Skisenter AS	1762849
15.05.2025	Foretaksanalyse Harpefossen_Skisenter_AS	1764307
23.05.2025	HFS_likviditetsbudsjett__250430 (003)	1766406
23.05.2025	HFS_søknad støtte Stad Kommune 22.05.2025	1766407

Stad ungdomsråd 10.06.2025:

Handsaming:

SUR - 25/058 Vedtak:

Stad ungdomsråd tilrår kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Stad kommunestyre gir avslag på søknad frå Harpefossen skisenter AS om økonomisk støtte på kr. 800.000. Stad kommunestyre må haldast informert om den økonomiske utviklinga til skisenteret, slik at ein kan gjere fortløpande og nye vurderingar for å ta i vare kommunen si rolle som garantist, kreditor og vertskommune.
2. Stad kommunestyre oppmodar Harpefossen skisenter AS til å søke om delutbetaling på inntil

- 75% av løyvde spelemidlar for 2025.
3. Stad kommunestyre tek stilling til vidareføring av tilskotet til Harpefossen skisenter AS med kr 400 000,- i samband med budsjett 2026 og Hovudprosjekt sentraladministrasjonen, med delprosjekt om gjennomgang av tilskot, samarbeidsavtalar m.m.
 4. Stad kommunestyre tek informasjonen om kommunal garanti for spelemidlar til vitande.

Saksopplysningar:

Vurdering av søknad om tilskot på kr 800 000

Harpefossen skisenter AS søker Stad kommune kr 800 000 i ekstra økonomisk støtte for 2025. Kommunedirektøren kan på bakgrunn av Stad kommune sin økonomiske situasjon ikkje tilrå ei slik ekstraløyving til Harpefossen skisenter.

Kommunedirektøren vil likevel følgje situasjonen tett, og vonar at tildelte spelemidlar i år og midlar frå «redningsaksjonen» frå private i sum kan gi skisenteret tilstrekkeleg likviditet til å starte opp ny sesong, jf. vedlagt likviditetsbudsjett.

HFS har tidlegare fått utbetalt kr. 400.000,- i forskottering av spelemidlar frå Stad kommune sitt eige fond til ordninga "Forskottering av spelemidlar til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet". Fondet kan nyttast til forskottering av spelemidlar i påvente av at desse får løyvd spelemidlar frå fylkeskommunen. Viser til vedtak KS-22/109 den 15.09.2022.

Hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune vedtok i møte 19.05.2025/20.05.2025 årets fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Harpefossen Skisenter AS vart no i mai tildelt tilskot på kr. 2 690 000,-.

Kommunedirektøren oppmodar HFS til å søke om delutbetaling på inntil 75% av løyvde spelemidlar for 2025 for å tilbakebetale tidlegare utbetalt forskottering på kr. 400.000,- for å spare renteutgifter. Det vart løyvd 2 690 000 kroner av spelemidlane 2025. Delutbetaling på 75% = 2 018 500 kroner, av løyvde spelemidlar 2025 kan overførast direkte til Harpefossen Skisenter i år. Restsum på 671 500 kroner vert utbetalt av Vestland fylkeskommune når det ligg føre revidert rekneskap og ferdigattest, og skisenteret må arbeide for å få denne dokumentasjonen på plass.

Vurdering av vidareføring av tilskot

«Redningsaksjonen» som HFS har starta viser eit stort engasjement for å redde HFS og sikre likviditet til oppstart til sesongen 25/26. Spleiselag frå lokalt næringsliv, hytteeigarane i Harpefossen Hyttegrend AS og privatpersonar styrkar saka om vidareføring av tilskot frå Stad kommune til HFS, men med ein reduksjon i forhold til dagens nivå for å oppnå målsettinga om ein langsiktig berekraftig økonomi.

Som følgje av konsekvensane ved ein evt. konkurs av HFS ser kommunedirektøren viktigheita med at HFS får opparbeidd seg tilstrekkeleg med likviditet til oppstart til ny sesong. Ringverknadane for Stad kommune, lokal næringsliv, hyttemarknaden, skatteinntekter, lokal handel og fysisk aktivitet kan bli store om ein ikkje lykkast i å redde selskapet.


Korleis kommunestyret bør stille seg til ein eventuell seinare «redningsaksjon» for skisenteret, må ein kome tilbake til i ei anna sak. Kommunedirektøren vil arbeide vidare opp mot både departementet og fylkeskommunen, med sikte på å få redusert konsekvensane for kommunen ved ein eventuell konkurs for Harpefossen skisenter AS. Slik Stad kommune sin økonomiske situasjon er i dag, vil ikkje kommunen kunne vere ein solid og føreseieleg samarbeidspart for skisenteret i åra framover. Kommunedirektøren vil vurdere grunnlaget for å vidareføre årlege tilskot på kr 400 000 i ei seinare kommunestyresak, der ein vurderer fleire tilskot samla.

Harpefossen Skisenter AS (HFS)

HFS blei etablert hausten 2000. Selskapet tok då over eit anlegg som hadde vore i drift i lang tid. Selskapet er i dag eigd av Stårheim IL (35,7%), Haugen IL (35,7%) og Harpefossen Hyttegrend AS (28,6%).

Det er ikkje tvil om at HFS er ein viktig aktør for lokalsamfunnet i Stad kommune og andre kommunar i ytre Nordfjord og Sunnmøre. I ein gjennomsnittleg sesong har selskapet opp mot 50.000 besøkande, fordelt 50/50 på alpinanlegget og turløypene. Det er lagt ned ein eventyrleg innsats for å få eit moderne anlegg med høg kvalitet. Personar i alle aldrar nyttar anlegget på ulike måtar. Dette har ein positiv effekt på folkehelsa.

HFS representerer ikkje barre ein vintersportsarena, men også ein viktig sosial møteplass og aktivitetsarena for born, unge og familiar. HFS har også eit potensial for vidareutvikling av sommaraktivitetar med tanke på cruise, fjellturar, sykling, riding og sykling, i tillegg til tilbodet for både alpint, snowboard, langrenn, skiskyting.



Målsetninga til HFS er å skape eit moderne, inkluderande og berekraftig skisenter som styrkar lokalsamfunnet, bidrar til folkehelse og tiltrekker seg besøkande til Stad kommune.

I området kring skianlegget ligg det om lag 140 hytter i hyttfeltet og om lag 50 utanfor hyttfeltet. Fritidsbustader som er komet og/eller modernisert som eit resultat av at der ligg eit moderne og attraktivt anlegg. Dette gir aktivitet også mot Nordfjordeid som handelssenter. Stad kommune får inn eigedomsskatt for fritidsbustader ved skisenteret på kr. 745.000,- i 2025.

Positive ringverkingar med anlegget:


- Rekruttering til idrett og fysisk aktivitet.
- Sysselsetting i anlegget og hyttfeltet.
- Lokal handel.
- Skatteinntekter som eigedomsskatt og selskapsskatt.
- Bidra til at Stad kommune ein attraktiv kommune å busette seg i.

Innan folkehelse og fysisk aktivitet kan nemnast:

- Komplet skiskytteranlegg for trening og konkurranse både vinter og sommar med nyare rullerløype. Aktivt skiskyttarmiljø igjennom Stårheim IL.
- Variert og godt tilbod for langrenn med både lysløype og turløype. Frå toppen av Kjenndalsheisen frå ein tilgang til eit stor område for topturar på ski
- Harpefossen Skisenter er eit komplett og variert alpin tilbod til heile familien. Her kan ein velje i ei rekke nedfartar av ulik lengde og vanskelegheitsgrad. Eigne barneheisar som gir tilgang til eit stort skileikområde.

- Aktivt alpinmiljø igjennom Haugen Alpin.
- Harpefossen har eit løypenett som består av meir enn 100 km merka og skilta løyper og turstiar

Historikk knytt til økonomien i selskapet:



Økonomien i selskapet er avhengige av ytre faktorar som kulde for å produsere kunstsno og natursno. Foretaksanalyse om økonomien til Harpefossen Skisenter AS levert av Purehelp og følger saka.

Kommunestyret i Stad gjorde den 18.06.2020 vedtak om å gje Harpefossen Skisenter AS (HFS) ein garanti på fem år på kr 2.797.365,- for lån som selskapet tok opp til kjøp av to brukte trakkemaskiner som selskapet hadde på leasing. Kommunestyret i Stad godkjente den 25.01.2024 vedtak KS-24/015 at garantien gjeven i kommunestyresak 20-131 den 18.06.2020 vart forlenga med to år til 15.09.2027. Vedtaket om forlenga nedbetalingstid på lånet var med å gje selskapet betre likviditet

som igjen føret til redusert behov for ekstra tilskot frå Stad kommune. Administrasjonen har hatt ein tett og god dialog med HFS om utfordringar og moglegheiter.

Vurdering:

Kommunal garanti - spelemidlar

Stad kommune (tidlegare Eid kommune) har stilt kommunal garanti for spelemidlar for noko av alpinanlegget til Harpefossen Skisenter AS. Ordninga om kommunal garanti vart seinare fjerna frå «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2019. For tildeling i 2020». Men garantien står fast på dei anlegga som fekk tildeling då kommunal garanti framleis var eit krav.

Eid kommunestyre gjorde i sak 140/14 vedtak om å utvide garantien på inntil kr 12 500 000 for tildelte spelemidlar til Harpefossen Skisenter AS. Garantitida gjeld i 20 år og er gjeven til Kulturdepartementet. Etter kommunelova § 51 nr. 1, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2000, godkjende Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Eid kommunestyre sitt vedtak. Godkjent garanti frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane følgjer saka som vedlegg.

Lov og forskrift i høve kommunale garantiar

Kommunelova § 51, pkt. 1 og 2:

1. *Vedtak om å stille kausjon eller annen økonomisk garanti for virksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv, skal godkjennes av departementet.*
2. *Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv.*

Kommunelova § 51, punkt 3 seier at departementet kan fastsetje nærare reglar om garantiar. I forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar §§ 2 og 3 står det mellom anna følgjande:

Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon.

Vedtak om garantistillelse og garantiavtale/-erklæring skal alltid angi garantiens varighet. Ved garantier knyttet til investeringer skal garantiens varighet ikke overstige investeringsobjektets levetid. Garantiperioden kan ikke strekke seg utover 2 år fra forfall for fordringen mot hoveddebitor. Det kan ikke stilles garantier med varighet over 40 år.

I tillegg til dette vert det vist til rettleiing *Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2019*, frå Kulturdepartementet

Stad kommune har vendt seg til Vestland fylkeskommune og Kultur- og likestillingsdepartementet si avdeling for sivilsamfunn og idrett vedkomande spørsmålet om kommunal garanti for spelemidlar.

Svaret frå departementet er som følgjer:

Utgangspunktet er at kommunale garantier som ble stilt i tråd med daværende regelverk fortsatt vil være gyldig til den opprinnelige garantitidens utløp, i dette tilfellet 20 år, hvis ikke annet er avtalt. Endringer som har kommet inn i regelverket senere har ikke tilbakevirkende

kraft, i den forstand at tidligere stilt garantier fortsatt vil være gjeldende.

HFS har mottatt fleire tilskot frå spelemiddelordninga over mange år. Mottatt liste frå Vestland fylkeskommune viser kva anlegg som kan bli berørt og ikkje berørt av den kommunale garantien. Lista gjelder til og med 2023.

Anleggsportefølgje i Harpefossen skisenter AS - berørt av kommunal garanti 29 anlegg totalt-krav om kommunal garanti til og med											
Anleggstype	Etablering/ nybygging	Rehabilitering	Anleggs nr.	Første søknads år	Tildelings år	Ferdigs tillings år	Tildelingssum	Delutbetaling/ sluttutbetaling	Sum krav til tilbakebetaling	Kommunal garanti år	Diverse
Skitrekk(H) gamle delen		x	59120		2022	2012	999 000	749 000	999 000	2012	6 884 000
Nedfart Turistløype		x	20497		2007	2008	119 000	119 000	83 000		6-20 deler fråtrekk
Nedfart Turistløype		x	20497		2008	2008	400 000	400 000	180 000		6-20 deler fråtrekk
Skitrekk Turistløype	x		20497		2016	2016	300 000	300 000	300 000	2014	
Nedfart med lys	x		20497		2020	2014	1 911 000	1 911 000	1 911 000	2014	12 500 000
Snøproduksjon	x		72140		2020	2014	1 000 000	1 000 000	1 000 000	2014	
Nedfart J (Utfør) gamal del		x	47355		2018	2017	171 000	171 000	171 000	2014	
Skitrekk (J) gamal del		x	47352		2017	2017	515 000	515 000	515 000	2014	
Nedfart Furuålgane	x		24032	2010	2014	2014	533 000	533 000	533 000	2014	
Skitrekk											
Furuålgane/Kjennedalsheisen	x		24032	2010	2014	2014	1 000 000	1 000 000	1 000 000	2014	
Lys Furuålgane	x		24032	2010	2017	2014	515 000	515 000	515 000	2014	
Snøproduksjon (Høgebakk)	x		70544		2017	2014	1 000 000	1 000 000	1 000 000	2014	
Snowboardpark	x		48620		2005	2005	126 000	126 000	82 000	2012	7-20 deler fråtrekk
Nedfart (Kristian)	x				1992		282 000	282 000	0		
Nedfart (Kristian)	x				1994		335 000	335 000	0		
storslalåm skitrekk (Kristian/Turistløype)	x				2007	2008	400 000	400 000	180 000		6-20 deler fråtrekk
storslalåm snøproduksjon (Kristian)	x		11201		2008	2008	300 000	300 000	210 000		6-20 deler fråtrekk
Bakke (Familieløype)	x		52434		2007	2 007	128 000	128 000	83 000	2012	7-20 deler fråtrekk
Bakke (Familieløype)		x	52434		2017	2 017	114 000	114 000	114 000	2014	
									8 876 000		

Anleggsportefølgje i Harpefossen skisenter AS - ikkje berørt av kommunal garanti											
Anleggstype	Etablering/ nybygging	Rehabilitering	Anleggs nr.	Første søknads år	Tildelings år	Ferdigs tillings år	Tildelingssum	Delutbetaling/ sluttutbetaling	Sum krav til tilbakebetaling	Kommunal garanti år	Diverse
Klubbhus skiskyting	x		17752		2018	2015	542 000	542 000	542 000	2014	
Sanitæranlegg skiskyting	x		17753		2016	2015	356 000	356 000	356 000	2014	
Turløype (Sætreidøypa)	x		17756		2015	2 016	375 000	375 000	375 000	2014	
Turløype (Brekka)		x	18677		2010	2010	206 000	206 000	165 000		4-20 deler fråtrekk
Klubbhus varmestove, gamal del	x		47350	1988	1988	1988	113 000	113 000	0		
Klubbhus Furuålgane	x		47354	2010	2014	2014	797 000	797 000	797 000	2014	
Klubbhus, lager Furuålgane	x		47354	2014	2016	2016	413 000	413 000	413 000	2014	
Turløype		x	47351		2012	2015	388 000	388 000	388 000	2014	
Turløype		x	47351		2014	2015	157 000	157 000	157 000	2014	
Turløype		x	47351		2015	2015	319 000	319 000	319 000	2014	
Turveg	x		52880		2012	2011	94 000	94 000	80 000		3-20 deler fråtrekk
Downhill sykkel-løype	x		59118		2013	2013	200 000	200 000	0		Nærmiljøanlegg
Rulleskibane	x		59897		2018	2017	1 400 000	1 400 000	1 400 000	2014	
Turveg	x		59898		2017	2017	212 000	212 000	212 000		
Skileik	x		67672		2005	2005	192 000	192 000	0		Nærmiljøanlegg
Klubbhus, varmestove	x		69370		2002	2002	550 000	550 000	220 000		12 -20 deler fråtrekk
									5 424 000		

Konsekvensar for:

Sosiale forhold: Anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er viktig for å skape helsefremjande idrettsanlegg og møteplassar som kan vere bidrag til betre folkehelse gjennom fysisk aktivitet

Miljø og klima: Ei målsetting for fylkeskommunen å påverke til ei meir berekraftig utvikling knytt til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland fylke. Dette er også målsetninga til HFS om å skape eit moderne, inkluderande og berekraftig skisenter som styrkar lokalsamfunnet, bidrar til folkehelse.

Økonomi: Vidareføring, reduksjon og avvikling av tilskot inngår som ein del av den heilskaplege gjennomgangen av Stad kommune, og har som målsetting å bidra til ein langsiktig berekraftig økonomi. Saka er likevel krevjande, fordi Stad kommune har stilt kommunal garanti for spelemidlane og konsekvensen for Stad kommune kan bli krav om tilbakebetaling av spelemidlar på om lag kr. 8,8 millionar om HFS går konkurs. Seinare vurdering av vidareføring av tilskot må vurderast i lys av dette.

Men kommunedirektøren finn ikkje grunnlag for å kunne yte ekstra tilskot på kr 800 000, slik det er søkt om.